

## Notat

**Frå:** Fylkesdirektøren

**Til:** Hovudutval for næring og kultur

### Folkebibliotekstatistikken 2018

#### Samandrag

Utlånet i folkebiblioteka i Sogn og Fjordane gjekk opp i 2018. Auken kom etter fleire års nedgang i takt med utviklinga elles i landet. Barnebokutlånet er framleis større enn utlånet av vaksnebøker, og det er utlånet til barn som aukar. E-bokutlån utgjer ein liten del av det totale utlånet, men er eit viktig supplement. Digital formidling i biblioteka omfattar òg lokalhistorisk materiale, aviser, tidsskrifter og film på nett. Biblioteka har stadig fleire arrangement av ulike slag. Vi kan slå fast at folkebiblioteka i mange kommunar har vorte sentrale møteplassar og formidlingsarenaer.

#### Aktivitet i folkebiblioteka i 2018

Folkebiblioteka rapporterer statistikk til Nasjonalbiblioteket årleg, og fylkesbiblioteket gjennomgår og kvalitetssikrar tala for Nasjonalbiblioteket så langt råd er. Data for 2018 er no klare, og fylkesbiblioteket har analysert og systematisert tala og sett på trendar og utvikling over tid. Kommentaraane til statistikken, samt alle rapporterte tal er [publiserte på heimesida til fylkesbiblioteket](#). Vi trekkjer her fram nokre hovudtal.

Biblioteka sitt samfunnsoppdrag er samanfatta i føremålsparagrafen i biblioteklova:


I § 1 heiter det at

*Folkebibliotekene skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon for alle som bor i landet.*

*Folkebibliotekene skal være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt. Det enkelte bibliotek skal i sine tilbud til barn og voksne legge vekt på kvalitet, allsidighet og aktualitet. [...]*

## Arrangement

Grafen viser utvikling i tal arrangement i biblioteka dei siste tre åra, og frammøtte på desse.



Totalt hadde biblioteka 1093 arrangement av ulike slag, av desse 605 for barn og unge, med til saman 28 988 deltakarar. Dette omfattar arrangement for skular og barnehagar, og også nokre arrangement i biblioteklokala der biblioteket er tilretteleggjar, men der eksterne har ansvar for innhaldet.

Som vi ser er det størst auke i arrangement for barn/unge det siste året. I 2018 var det totalt 899 arrangement, 415 for barn og unge, og med til saman 15 509 frammøtte.

Biblioteket har mange ulike typar arrangement, og vi viser her tal for fleire kategoriar (bibliotekorienteringar og arrangement for barnehage og skule er ikkje tekne med her). Tal for 2017 i parentes:

Arrangement	Biblioteket er arrangør, åleine eller i samarbeid med andre	I biblioteket, men andre har eineansvar for innhaldet	Totalt
<b>Samtale-/ debattarrangement</b>			
- totalt	13 (21)	16 (16)	<b>29</b> (37)
- for barn	0 (2)	0 (0)	<b>0</b> (2)
- frammøtte	564 (677)	264 (149)	<b>828</b> (826)
<b>Kulturarrangement</b>			
- totalt	317 (280)	32 (22)	<b>349</b> (302)
- for barn	133 (79)	12 (2)	<b>145</b> (81)
- frammøtte	11 279 (10 436)	737 (524)	<b>12 016</b> (10 960)
<b>Opplæring/kurs/verkstad</b>			
- totalt	216 (168)	68 (76)	<b>284</b> (244)
- for barn	49 (26)	0 (0)	<b>49</b> (26)
- frammøtte	3 601 (2 533)	565 (609)	<b>1 466</b> (3 142)

Aller flest arrangement har vi innan kategorien «kulturarrangement» Her reknar ein litteraturformidling, barneframsyningar, føredrag, lesesirklar, scenekunst med meir. Det er også på denne typen arrangement det er absolutt flest frammøtte.

«Samtale- og debattarrangement» er det færre av, og biblioteket sjølv arrangerer relativt sett færre av desse. Dette er arrangement der føremålet er meiningsutveksling om eit tema, t.d. paneldebattar eller diskusjonar mellom éin eller fleire innleiarar og publikum. I «Opplæring/kurs/verkstad» finn vi t.d. slektsforsningskurs, språkkafé og rettleiing i internettbruk.

Ser vi kommunane under eitt, finn vi at biblioteka hadde frå null til nesten hundre arrangement i 2018.

## Besøk

Totalt blei det rapportert 556 474 besøk, eller 5,15 besøk pr. innbyggjar. (Dette er tal utanom Lærdal, som ikkje har besøkstal for 2018.) I 2017 var gjennomsnittet 4,85 besøk pr. innbyggjar.

Tala for besøk er noko usikre. Det er få bibliotek som har besøksteljar, og då er tala som blir rapporterte anten stikkprøver, manuell teljing eller eit overslag.

Vi har førebels ikkje tal på landsbasis å samanlikne med, men Sogn og Fjordane har dei siste åra lege over landssnittet.

## Utlån


I år viser utlånstala ein liten oppgang etter fleire år med synkande totale utlånstal. Det vart registrert 4,01 utlån (papirbøker, tidsskrift, lydbøker og filmar) pr. innbyggjar i fylket, 3,94 i 2017.

Utlånet i Sogn og Fjordane har stort sett følgd utlånsutviklinga nasjonalt. For 2018 er tala for landet samla ikkje klare enno, så vi veit førebels ikkje om det er oppgang også på landsbasis.

Når vi går inn i tala, ser vi at det er ulik utvikling for ulike materialtypar. Utlånet av vaksenbøker går ned, det same gjer utlånet av andre typar materiale som lydbøker, musikk og film. Derimot aukar utlånet av barnebøker stadig, og det er dette som gjer at vi totalt får ein utlånsauke.

Det kan finnast fleire forklaringar på desse trendane. Det er t.d. færre lydbøker å få kjøpt for biblioteka, og musikkksamlingane på cd blir stadig mindre aktuelle. Samstundes har det kome fleire kommersielle støymetenester for lydbøker, film og musikk som er enkle å nytte seg av.

Auken i utlån av barnelitteratur fell saman med satsingar biblioteka dei siste åra har hatt på ulike lesestimuleringsstiltak og lesekampanjar, som t.d. Sommarles. I 2018 var t.d. 20 bibliotek med på den digitale Sommarles-kampanjen, med ei oppslutning på 34,3 % i målgruppa 1.-7. klasse. Det vart registrert 2865 brukarar, over 3,6 millionar lesne sider og 36 251 registrerte bøker.




## Digitale tilbod

Biblioteka tilbyr utlån/nedlasting av e-bøker, digitale aviser og tidsskrifter, og norske kort- og dokumentarfilmar høvesvis gjennom appane/nettenestene eBokBib, Pressreader og Filmbib. Enkelte bibliotek tilbyr også andre digitale tenester til sine brukarar.

eBokBib og Pressreader er eit samarbeid mellom folkebiblioteka og fylkesbiblioteket. Filmbib er eit nasjonalt tilbod for alle med nasjonalt lånekort frå biblioteket. I tillegg kan biblioteka ordne tilgang til Nasjonalbiblioteket si avisteneste og ein del av dei digitale avisarkiva som er lagra der.

E-bokutlånet varierer gjennom året, gjerne med toppar i ferietida. Det er mest vaksenlitteratur tilgjengeleg i appen. Frå 2018 gjaldt ein ny, framforhandla modell for kva som kunne gjerast tilgjengeleg av e-bøker, og vi fekk eit større utval titlar. Vi kunne også tilby nokre få e-lydbøker. Økonomien set likevel grenser for kor mykje biblioteka kan tilby for utlån.

Utviklinga sidan starten i april 2014 viser at utlånet av e-bøker ikkje tek over for trykt materiale, men at det er eit viktig supplement i biblioteket sitt tilbod.



## Personalressursar

I Sogn og Fjordane er det 26 hovudbibliotek, og 9 av kommunane har i tillegg til saman 26 filialar. (Vi reknar biblioteket i Hornindal som eit hovudbibliotek, sjølv om det blir drifta som ein filial av Volda.)

Ei vanleg veke har hovudbiblioteka samla ope til saman 547,75 timar (589 i 2017), varierende frå 3 til 48 timar pr. bibliotek. Filialane har i tillegg ope totalt 99,5 timar, i gjennomsnitt litt under 4 timar i veka kvar.

Til å drive biblioteka er det i Sogn og Fjordane tilsett 85 personar i til saman 46,03 årsverk. 24 personar i til saman 19,3 årsverk er fagutdanna bibliotekarar, 23 (12,3 årsverk) har anna høgare utdanning, og 37 (14,38 årsverk) kjem i kategorien «Anna kontor/fagpersonale».

I 2018 hadde 10 bibliotek mindre enn 1 årsverk, ytterlegare 6 har mellom 1 og 2 årsverk. 10 har 2 eller fleire årsverk.

På <http://fylkesbiblioteket.sjf.no/statistikk2018> ligg meir detaljerte statistikketal frå 2018, m.a. opplysningar pr. kommune, samt lenker til tidlegare års statistikk.